



Møteprotokoll

Utval: SOGN REGIONRÅD

Møtestad: Luster rådhus

Møtedato: 08.11.2019

Tid: 09:30 - 15:00

A. Desse møtte:

Faste medlemmar
Ivar Kvalen, ordførar Luster kommune
Frode Bøthun, varaordførar Balestrand kommune
Petter Sortland, ordførar Høyanger kommune
Jon Håkon Odd, ordførar Leikanger kommune
Audun Mo, ordførar Lærdal kommune
Jarle Aarvoll, ordførar Sogndal kommune
Roy Egil Stadheim, ordførar Vik kommune
Hilmar Høl, ordførar Årdal kommune
Forfall: Trygve Skjerdal, ordførar Aurland kommune
Medlemmar
Karina Nerland, dagleg leiar
Jarle Skartun, rådmann Luster kommune (til kl 13)
Andre
Tom Guldhav, klinikkdirektør, Helse Førde

B. Innkalling godkjent utan merknader.

C. Protokoll frå møtet 14.6.2019 godkjent utan merknader.

D. Ordførar Ivar Kvalen ønskte velkomen til Luster.

Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr. Tittel
19/19	19/4663 Val av leiar i Sogn regionråd 2019-2020
20/19	19/4664 Arbeidsgrupper i Sogn regionråd
21/19	19/4652 Vedtekter Sogn regionråd
22/19	19/4665 Møteplan for 2020
23/19	18/4429 Utvikling av regionråda i Vestland fylke
24/19	18/3043 Sogn for alle - integrering og inkludering
25/19	19/4774 Ny infrastruktur og ny felles organisering for frukt- og bærneringa i Sogn og Fjordane
26/19	19/447 Orienteringssaker

Sak 19/19
Val av leiar i Sogn regionråd 2019-2020

Tilråding:

--- vert vald som leiar i rådet ut året og for 2020
--- vald som nestleiar i rådet ut året og for 2020

Handsaming

Det kom framlegg om at Ivar Kvalen vert leiar og Hilmar Høl vert nestleiar.

Vedtak:

Ivar Kvalen vert vald som leiar i rådet ut året og for 2020
Hilmar Høl vert vald som nestleiar i rådet ut året og for 2020

Sak 20/19
Arbeidsgrupper i Sogn regionråd

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek følgjande arbeidsgrupper: ----

Representantar i arbeidsgruppene vert: ----

Handsaming

Det kom framlegg om å vidareføre samferdslegruppa og vurderer ev. andre arbeidsgrupper seinare.

Vedtak:

Sogn regionråd vedtek følgjande arbeidsgruppe: Samferdslegruppa.

Representantar i samferdslegruppa vert: Roy Egil Stadheim, Arnstein Menes, Petter Sortland og Ivar Kvalen.

Rådet vurderer etablering av andre arbeidsgrupper i eit seinare møte.

Sak 21/19
Vedtekter Sogn regionråd

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek følgjande endring i vedtektene gjeldande frå 2020:

§ 1 Føremål

(..) Rådet er sett saman av kommunane i Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. (..)

Sogn regionråd tilrår følgjande endringar i vedtektene gjeldande frå 2020:

§ 5 Økonomi

(..) Som hovudprinsipp skal kontigenten delast slik: 40 prosent er lik grunnsom for alle kommunane, 60 prosent skal vera eit kronebeløp pr innbuar.(..)

Vedtak:

Sogn regionråd vedtek følgjande endring i vedtektene gjeldande frå 2020:

§ 1 Føremål

(..) Rådet er sett saman av kommunane i Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. (..)

Sogn regionråd tilrår følgjande endringar i vedtektene gjeldande frå 2020:

§ 5 Økonomi

(..) Som hovudprinsipp skal kontigenten delast slik: 40 prosent er lik grunnsom for alle kommunane, 60 prosent skal vera eit kronebeløp pr innbuar.(..)

Sak **22/19**
Møteplan for 2020

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek slik møteplan for 2020:

Regionrådsmøte:

28. februar

22. april

12. juni

18. september

30. oktober

11. desember

Møte for interkommunale selskap:

24. april

23. oktober

Handsaming

Møtestad 28. februar blir Sogndal (Balestrand) og 18. september i Vik.

Vedtak:

Sogn regionråd vedtek slik møteplan for 2020:

Regionrådsmøte:

28. februar

22. april

12. juni

18. september

30. oktober

11. desember

Møte for interkommunale selskap:

24. april

23. oktober

Sak 23/19
Utvikling av regionråda i Vestland fylke

Tilråding:

Sogn regionråd er positive til å delta i ein fellesprosess for utvikling av samhandling mellom regionråda og Vestland fylkeskommune.

Handsaming

Det kom framlegg om at ordførarane diskuterer saka i sin kommune og at saka vert teke opp att i neste møte.

Vedtak:

Saka vert utsett. Ordførarane diskuterer saka i sin kommune før neste møte.

Sak 24/19
Sogn for alle - integrering og inkludering

Tilråding:

Sogn regionråd opprettar styringsgruppe for prosjektet Sogn for alle for perioden 2020-2023. Styringsgruppa vert leia av leiar i Sogn regionråd. Eksterne aktørar vert inviterte og rådmannsgruppa peiker ut sin representant til styringsgruppa. Representantar vert valde for 2 år om gongen.

Det vert oppretta ei 100% prosjektstilling for fire år til leia, koordinera og følgja opp prosjektet.

Stillinga blir finansiert av eksterne midlar, kontigentmidlar og eigne midlar i samsvar med vedtak 14. juni 2019. I tillegg blir det sett av ytterlegare kr 200 000 av rådet sine fondsmidlar til å finansiera resten av prosjektstillinga og aktivitetar i prosjektet. Det blir søkt om ekstern finansiering.

Handsaming

Det kom framlegg om at nestleiar Hilmar Høl vert leiar for styringsgruppa.

Vedtak:

Sogn regionråd opprettar styringsgruppe for prosjektet Sogn for alle for perioden 2020-2023. Styringsgruppa vert leia av Hilmar Høl. Eksterne aktørar vert inviterte og rådmannsgruppa peiker ut sin representant til styringsgruppa. Representantar vert valde for 2 år om gongen.

Det vert oppretta ei 100% prosjektstilling for fire år til leia, koordinera og følgja opp prosjektet.

Stillinga blir finansiert av eksterne midlar, kontigentmidlar og eigne midlar i samsvar med vedtak 14. juni 2019. I tillegg blir det sett av ytterlegare kr 200 000 av rådet sine fondsmidlar til å finansiera resten av prosjektstillinga og aktivitetar i prosjektet. Det blir søkt om ekstern finansiering.

Sak 25/19
Ny infrastruktur og ny felles organisering for frukt- og bærneringa i Sogn og Fjordane

Tilråding:

Sogn regionråd oppmodar kommunane om å støtta gjennomføring av prosjektet «Ny infrastruktur og ny felles organisering for frukt- og bærneringa i Sogn og Fjordane» og bidra med finansiering til investeringa.

Handsaming

Det kom framlegg om følgjande vedtak:

Sogn regionråd oppmodar kommunane om å støtta gjennomføring av prosjektet «Ny infrastruktur og ny felles organisering for frukt- og bærneringa i Sogn og Fjordane».

Vedtak:

Sogn regionråd oppmodar kommunane om å støtta gjennomføring av prosjektet «Ny infrastruktur og ny felles organisering for frukt- og bærneringa i Sogn og Fjordane».

Sak 26/19
Orienteringssaker

Orienteringar og drøftingar

1. Leiar
 - Innleiing på arbeidslivskonferansen for Sogn 2. oktober 2019.
2. Innspel frå medlemane
 - Søknad om sponsormidlar NM i Vik til kommunane.
 - Kraftskatteutvalet sin innstilling NOU er på høyring, frist 31.12.2019.
 - Nye Sogndal søker om å arrangera Pride neste år.
 - Leikanger kommune har avslutningsfest 20.11.2109.
 - Skatteoppkrevjing – framlegg om overføring til staten i statsbudsjettet.
3. Rådmannsgruppa
 - Rådet vil få tilsendt referat frå sist møte.
4. Administrasjonen
 - Desentralisert sjukepleiarutdanning – utarbeidd tidsplan.
 - Reiseliv: Masterplan på høyring og søknad om Bike & Hike sendt til kommunane.
5. Orientering om prehospital plan ved Tom Guldhav, klinikkdirektør Helse Førde (høyringsdokument vedlagt). Rådet sender felles fråsegn.

Skriv og meldingar. Refererte.

1. Lokalisering av nasjonale oppgåver innan divisjon veg, geofag og naturfare, brev frå Sogn regionråd til Vegdirektoratet, 22. august 2019.
2. Søknad Sognefjord Bike & Hike frå Visit Sognefjord til kommunane.
3. Møte med helsegruppa i Sogn regionråd og Høgskulen på Vestlandet om desentralisert sjukepleiarutdanning, møtereferat 6.9.2019.
4. Nasjonal laksefjord i Sogn, frå Sogn Villaksråd.

Ivar Kvalen
leiar

Jarle Aarvoll

Roy Egil Stadheim

Karina Nerland
dagleg leiar